

Pris Samfunn og utviklingsarbeid I og II (30 stp)

Generelt: HLB er ein privat høgskule med lite statsstøtte. Difor er me avhengig av ei viss studentbetaling. Me har likevel vedteke å halda denne så lågt som råd. Samtidig ønskjer me å markera enno tydelegare at studieturane innanfor dei ulike kursa er viktige og integrerte delar av undervisninga. Brorparten av kostnadene med desse er difor inkluderte i modulprisen.

Modulprisar blir sette på grunnlag av faglege aktivitetar og studietur (inkl. gjennomføringsog førebuingkostnader for denne).

Modulprisane dekkar uansett all undervisning og rettleiing både i klasserom og over elektroniske medium (elektronisk læringsplattfom Moodle). Eksamensavgifter er også inkluderte i modulprisen. Pensumlitteratur er *ikkje* dekkja.

Når det gjeld dei studentar som følgjer undervisning via lokale studiesenter, må kvar student ta kontakt med eige senter for å finna eventuelle lokale avgifter. Desse er ikkje dekkja i studieavgift til HLB (dette kan gjelde eksamen og liknande).

SU I (30 studiepoeng) – Kr. 20100,-

SU II (30 studiepoeng) – Kr. 18500,-

I **modul I** er det inkludert ein tre dagars studietur til Skottland. Følgjande er dekkja av modulprisen:

- Fly t/r Sola – Aberdeen. Det er også mogleg å reisa frå Oslo.
- Overnatting i dobbeltrom med frukost.
- Transport i Skottland (tog/buss)
-

I **modul II** er det inkludert ein studietur (ei samling) som er lagt opp som eit 3-dagars feltarbeid. Stad varierer frå år til år. Følgjande er dekkja av modulprisen i samband med studietursamlinga:

- 3 overnattingar på dobbeltrom med halvpensjon.

Studentane dekkar sjølve reisa.